

Oddbjørn Haugen

**Utrekning av vekter til inntekts-
og formuesundersøkingane
2000, 2001 og 2002**

Notater

Innleiing.....	2
Vekter og kalibrering av vektene	3
Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald (IF)	4
Populasjon	4
Utval og fråfall	4
Vekter	5
Kalibrering av vektene	8
Vekterresultat	9
Inntekts- og formuesundersøkinga for personlege næringsdrivande (IFN)	12
Populasjon og stratifisering	12
Utval og fråfall	12
Vekter og kalibrering	13
Vekterresultat	14
Inntekts- og formuesundersøkinga for aksjeselskap (IFS)	17
Populasjon	17
Stratifisering	17
Utval	17
Vekter og kalibrering	18
Vekterresultat	20
Vurdering av utvidinga av utvalet IFS2001	24
Vegen vidare: Elektronisk datafangst av utvala til IFS og IFN	25
Referansar	26
Litteraturliste	26
Internett	27
Vedlegg	28
Utvalgsplan IFN2000	28
Utvalgsplan IFN2001	32
Utvalgsplan IFN2002	36
Utvalgsplan IFS2000	40
Utvalgsplan IFS2001	45
Utvalgsplan IFS2002	50
De sist utgitte publikasjonene i serien Notater	55

Innleiing

Dette notatet dokumenterer utrekninga av vekter til inntekts- og formuesundersøkingane for inntektsåra 2000, 2001 og 2002. Dei tre utvalsundersøkingane er: inntekts- og formuesundersøkinga for hushald (IF), for personlege næringsdrivande (IFN) og for aksjeselskap (IFS). I det store og heile er metoden for utrekning av vekter i desse utvalsundersøkingane stort sett uendra frå tidlegare år, jf. Haugen (2001), (2000) og Holt m.fl.(1999). Metoden for vektning baserer seg på kalibrering der tilgjengelege registeropplysningar for heile populasjonen blir utnytta for å rekna ut og kalibrera vektene.

Notatet startar med ei kort omtale av endringar frå tidlegare år for kvar av undersøkingane. Deretter kjem eit kapittel som skildrar den generelle metoden for vektning. Dei neste kapitla tek for populasjon, utval og vekteresultat for kvar undersøkinga. Til slutt nokre vedlegg.

Inntekts- formuesundersøkinga for hushald (IF)

Prosjektansvarleg har vore Vidar Pedersen og Frøydis Strøm. Trekking av utvala som inngår i IF er gjort ved seksjon for intervjuundersøkingar. Jon Epland, Leiv Solheim og Li-Chun Zhang, dei to sistnemnde ved seksjon for statistiske metodar og standardar, har gitt gode råd undervegs i vektninga.

I forhold til IF2000 vart utvalet til IF2001 utvida med hushalda som vart intervjuia i arbeidskraftundersøkinga (AKU). Tilgang til data frå Folke- og bustadteljinga 2001 gjorde det dessutan muleg med ei strengare populasjonsavgrensing og ei anna imputering av fråfall og identifisering av studenthushald enn tidlegare. I IF2002 vart denne rutina for imputeringa av fråfall og identifisering av studenthushald vidareutvikla. Som tilleggsinformasjon vart numerisk adresse (frå Bustadregisteret som er under etablering), opplysningar frå Folke- og bustadteljinga 2001 og frå utdanningsstatistikken brukt. Frå og med IF2002 er levekårspanelet som skal inngå i IF kvart år utvida frå 5000 til 8500 hushald.

Inntekts- og formuesundersøkinga for personleg næringsdrivande (IFN)

Berit Haveråen har vore prosjektansvarleg og trekt utvala for IFN2000 og IFN2001. Ingrid Melby og Lena Wiker trekte utvala til IFN2002.

IFN er stort sett uforandra frå 2000 til 2002, men kvart år kjem ein stadig større del av datamaterialet inn via elektronisk rapportering (SLN). Dette har ført til at det samla utvalet av næringsdrivande har auka litt.

Inntekts- og formuesundersøkinga for aksjeselskap (IFS)

Prosjektansvarlege har vore Reidar Eriksen (2000) og Arild Langseth (2001,2002). Trond Vevle (2000), Per Morten Holt (2001) og Arild Langseth (2002) har trekt utvala til IFS. Per Morten Holt og Leiv Solheim har gitt gode råd undervegs i vektninga.

Utvalet til IFS vart auka frå å omfatta vel 7 000 i 2000 til 41 000 foretak i 2001 ved å ta i bruk data som vart tilgjengeleg gjennom System for elektronisk likning av næringsdrivande (SLN). Dette førte til mindre kontroll med utvalet (sjølvrapportering), men storleiken på utvalet gjorde at kalibreringa kunne utvidast til å omfatta fleire sentrale registervariablar enn tidlegare. Ettersom stadig fleire foretak leverer elektroniske data er det venta at utvalet kan aukast endå meir komande undersøkingar.

Vekter og kalibrering av vektene

Inntekts- og formuesundersøkingane er utvalsbaserte undersøkingar. Opplysninga frå eit utval blir brukte for å kunna seia noko om heile populasjonen. Dette skjer ved at kvar av einingane i utvalet får ei vekt. Vekta er ein oppblåsingfaktor som seier kor mange einingar i populasjonen denne utvalseininga skal tilsvara. Grunnprinsippet er å tilordna ei vekt (w) som er lik det inverse trekkesannsynet for denne eininga gitt som forholdet mellom talet på trekkbare (N) og talet på uttrekte einingar (n):

$$w = \frac{N}{n}$$

Vektinga føreset kjennskap om totalpopulasjonen. I inntekts- og formuesundersøkingane har me typisk opplysningar om talet på einingar totalt og talet på einingar i ulike grupperingar (t.d. etter næring og alder). Desse opplysningane blir i første omgang brukte til å dela populasjon og utval inn i stratum som vektene skal rekna innanfor (stratifisering).

På grunn av etterslep i oppdatering av trekkeregisteret er det ikkje alltid opplysningane til dei trekkbare einingane korrekte på trekketidspunktet. Fråfall i det trekte bruttoutvalet kan dessutan føra til at nettoutvalet blir skeivt samanlikna med dei stratura utvalet er trekt frå. For å retta opp dette dannar me difor på vektetidspunktet ein vektepoppasjon, og utvalet blir etterstratifisert og vekter blir rekna ut på grunnlag av denne populasjonen. Desse vektene bruker me som inngangsvekter for kalibrering.

For enkelte variablar har me også tilgang til totalsummar på inntekt og formue frå andre register. Slike totalopplysningar (registervariablar) blir brukte til å justera vektene slik at utvalet etter vekting gir oppblåste totaltal som samsvarer med dei utvalde registertala. Til denne kalibreringa av vektene er det utvikla eit eige kalibreringsprogram (Heldal 1992).

I kalibreringa blir det på førehand definert grenser for kor mykje dei opphavlege vektene kan justerast slik at ein t.d. unngår å få vekter som har negative verdiar. Kalibreringa er ein iterativ rutine, dvs. at vektene blir rekna ut i fleire omgangar dersom dei oppblåste totaltala ikkje konvergerer mot registertotalane i første omgang. Det hender at kalibreringsrutina ikkje får justert vektene nok til at alle kalibreringsvariablane blir korrekt estimert i utvalet. I verste fall risikerer ein at rutinen ikkje konvergerer i det heile, men at vektene i staden legg seg på dei førehandsdefinerte grenseverdiane. Grunnen til at dette skjer er som regel at det er for stor spreying i datamaterialet på dei utvalde variablane me kalibrerer på. Ein lyt vidare vera på vakt mot at kalibreringsvariablane kan vera innbyrdes avhengige (kolineære). Når kalibreringsrutina ikkje konvergerer, bør ein difor gi vektene romslegare skrankar, redusera talet på kalibreringsvariablar og eventuelt gi ekstreme observasjonar vekt lik 1 for å få eit meir tilfredsstillande vektsett.

Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald (IF)

Populasjon

Populasjonen for hushaldsstatistikken er alle personar som bur i private hushald det aktuelle inntektsåret. Me tilnærmar oss denne populasjonen ved å ta utgangspunkt i alle personar som er busette i Noreg pr. 31.12 (utgangen av året). For IF2000 er dette identisk med den populasjonen som er brukt i vektinga. I IF2001 og IF2002 har me derimot avgrensa denne populasjonen ved halda personar busette i institusjonshushald og utanlandsstudentar utanfor. Til dette har me brukt informasjon frå Folke- og bustadteljinga 2001, Rikstrygdeverket (RTV) og frå Utdanningsstatistikken.

Tabell 1. Tal personar i populasjonen. IF 2000-2002.

	2000	2001	2002
Busette 31.12	4 503 436	4 524 066	4 552 252
Felleshushald FoB2001		35 002	
Institusjon iflg. RTV			22 368
Studerer i utlandet			12 438
Populasjon IF	4 503 436	4 489 064	4 517 446

Utvale

Sidan det ikkje finst noko hushaldsregister i Noreg, må Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald basera seg på utvalsundersøkingar der samansetjinga av hushalda personane som er med er kartlagde ved hjelp av intervju. Utgangspunktet her er SSB sine levekårsundersøkingar. I 2001 vart i tillegg opplysningar frå dei innsende svarskjema til Folke- og bustadteljinga (FoB) brukte til å finna hushalda til alle som deltok i arbeidskraftsundersøkinga 3. kvartal 2001 (AKU) og for tilleggsutvalet av næringsdrivande som er trekte ut spesielt til IFN2001. I 2002 vart det gamle levekårspanelet utvida frå 5000 til 8500 hushald for å inngå i eit europeisk levekårspanel (SILC).

Tabell 2 oppsummerer talet på personar og hushald i kvart delutval som inngår i IF 2000-2002.

Tabell 2. Tal hushald og personar i utval. IF 2000-2002.

	2000		2001		2002	
	Hushald	Personar	Hushald	Personar	Hushald	Personar
Heile utvalet	12 919	34 851	28 377	70 964	22 870	59 403
Panel, IF					2 556	6 642
Panel, levekår / SILC	5 173	13 191	5 300	13 651	8 351	21 295
Levekår, tverrsnitt	5 177	14 241	4 908	12 833	9 630	24 817
IFN	1 743	4 986	2 048	6 311	2 333	6 649
AKU	826	2 433	16 121	38 169		

Fråfall og bruk av registeropplysningar til imputering av hushald

I levekårsutvala er hushaldssamansetjinga bestemt gjennom intervju med ein svarprosent på 70-80%. IF utnyttar derimot heile bruttoutvalet (dei som har svart pluss fråfallet) frå desse undersøkingane. Hushaldssamansetjinga for personar som er ein del av fråfallet i levekårsundersøkingane eller som inngår i IF-panelet, AKU-utvalet (2001) eller utvalet frå IFN er bestemt ved å imputera registeropplysningar om familie eller hushald for dei aktuelle personane. Det varierer kva registerkjelder som

er brukte dei ulike åra. IF2000 og tidlegare år brukte me berre SSB sitt register over familieopplysninga (BESYS). 2001 var folketeljingsår og i IF2001 vart difor berre hushaldssituasjonen frå Folke- og bustadteljinga (FoB) brukt. I IF2002 kombinerte me opplysningsar frå BESYS med opplysningsar om numerisk adresse og registerhushald frå FoB-2001.

Registeropplysningsane (BESYS, FoB og numerisk adresse) gir berre opplysningsar om formell (folkeregistrert) bustadadresse. Det vil sei at personar som faktisk bur på ein annan stad enn dei er folkeregistrerte, vert plasserte i feil hushald. Ei gruppe som dette spesielt slår ut for er bortebuande studentar som på denne måten typisk blir plasserte i foreldra sitt hushald i staden for i eit hushald på studiestaden. I samband med Folke- og bustadteljinga vart det gjort ei eiga granskning av faktisk bustad for studentar, og skjema vart sende ut til alle studentar som mottok bortebuarstipend i 2001. Skjema frå denne tilleggsundersøkinga er brukte til å koda om slike hushald i IF2001. I alt vart det identifisert 650 bortebuande studentar i AKU-utvalet. For 2002 var ikkje tilsvarannde opplysningsar tilgjengelege, men det vart utvikla ei rutine som klassifiserte studentane i utvalet som anten heime- eller bortebuande basert på opplysningsar om stipend får Lånekassen og avstand mellom studiekommune og folkeregistrert heimkommune. På bakgrunn av dette vart det identifisert 681 bortebuande studentar i den delen av IF2002 som ikkje var ein del av svarutvalet til levekårsundersøkingane.

Nokre av dei personleg næringsdrivande som blir trekt ut til å inngå i IFN-utvalet viser seg i ettertid å ikkje vera næringsdrivande (inga næringsinntekt) det aktuelle året. Hushalda til desse personane er likevel inkluderte i datamaterialet, men dei er gitt vekt lik ein og representerer difor berre seg sjølve. Totalt gjaldt dette: 146 personar i 50 hushald i IF2000, 276 personar i 97 hushald i IF2001 og 253 personar i 99 hushald i IF2002.

Vekter

Utrekninga av vekter er avhengig av korleis dei ulike delutvala er trekte.

For levekårsundersøkingane, som er personutval, er vektene basert på det inverse trekkesannsynet til hushaldet. I tverrsnittundersøkinga var alle personar over 15 år trekkbare og for Levekårspantelet alle personar mellom 16 og 83 år i IF2000 og 16-84 år i 2001¹. Hushaldsvektene blir

$$w_{iu} = \frac{N}{n^{IO}} \frac{1}{n_i}$$

som er det inverse trekkesannsynet til intervjuobjektet (IO) delt på talet på trekkbare personar i hushaldet. Dei to delutvala vart deretter samvegne. Samveging av delutvala skjer ved at personane i hushald i frå delutval u med opphavleg vekt w_{iu} får vekta

$$w_i = \sum_u \frac{n_u \cdot w_{iu}}{n},$$

der n_u er talet på personar i delutval u og n er det samla talet på personar i dei to delutvala.

¹ Levekårspantelet vart trekt frå aldersgruppa 16-79 pr. 31.12.1996 og blir kvart år supplert med eit utval av innvandrarar og nye 16-åringar. Personar som er 80 år og eldre blir ikkje tekne ut av utvalet, ein prøver å oppnå intervju også med desse. Sjå Sundvoll (1999) side 5. Det nye levekårspantelet (SILC) som inngår frå og med IF2002 dekker derimot heile aldersgruppa 16 år og eldre.

I hushald av næringsdrivande frå IFN-utvalet, som er konstruert ved å trekka næringsdrivande etter næring, vart vekta rekna ut som det inverse av det samla trekkesannsynet til alle næringsdrivande i hushaldet

$$w_i = \frac{1}{\sum \frac{N_a}{n_a}}$$

For å unngå overrepresentasjon av næringsdrivande i det samla IF-utvalet, vart deretter alle næringshushald frå IFN samvekta med næringshushalda i levekårsutvala.

Dei nye vektene for hushald i levekårsutvala blir

$$w_{i,IF} = w_{i,S,IF} \frac{n_{S,IF}}{n_{S,IF} + n_{S,IFN}}$$

og vektene for hushald frå IFN-utvalet

$$w_{i,IFN} = w_{i,S,IFN} \frac{n_{S,IFN}}{n_{S,IF} + n_{S,IFN}}$$

der $n_{S,IF}$ er talet på næringsdrivande i det ordinære utvalet og $w_{i,S,IF}$ er hushaldsvekta før samveging. Tilsvarande er $n_{S,IFN}$ talet på næringsdrivande i tilleggsutvalet som har vekt $w_{i,S,IFN}$ før samveginga.

AKU-utvalet som var ein del av IF2001 er litt spesielt fordi dette utvalet er trekt frå eit familieregister. I AKU er difor vektene basert på ei etterstratifisering av familieutvalet. Utrekninga av vekter til AKU er gjort i samband med frigiving av førebelse tal til FoB 2001 og er dokumentert i Solheim (2002). Desse vektene brukte som dei er i IF2001, men det er justerte for eventuelle endringar i hushaldssamansetjinga frå utskiljinga av studenthushald i AKU-utvalet. I hushald med bortebuande studentar vart vektene reduserte for å ta omsyn til at trekkesannsynet er proporsjonalt med talet på familiar i hushaldet.

Tabell 3. Estimerte hushaldstal, etter tal personar i hushaldet og hushaldstype. 2000-2002.

Tal personar i hushaldet	1999	2000	2001	2002
1	830 157	868 127	883 742	871 263
2	595 203	597 551	582 753	616 742
3	265 892	256 368	229 582	252 424
4	240 240	242 905	250 013	240 018
5	105 284	105 069	115 801	104 713
>5	27 318	27 478	32 538	27 130
Alle hushald	2 064 093	2 097 498	2 094 430	2 112 289
Hushaldstype	1999	2000	2001	2002
Einsleg under 45 år	365 932	385 616	394 317	389 979
Einsleg, 45-64 år	186 040	197 831	180 284	200 429
Einsleg, 65 -	278 185	284 680	309 141	280 855
Par utan barn -45 år	85 911	79 285	88 235	93 215
Par utan barn, 45-64 år	194 780	189 242	207 352	212 248
Par utan barn 65-	197 609	196 253	181 090	181 869
Par med barn 0-6 år	255 159	260 957	249 346	252 698
Par med barn 7-17 år	201 941	196 491	195 559	211 212
Par med barn 18+ år	97 225	101 413	92 418	83 707
Einsleg mor m/barn 0-17	91 472	100 241	92 643	101 184
Einsleg far m/barn 0-17	14 303	19 245	15 048	21 149
Einsleg mor/far med barn 18+	41 215	49 466	38 055	41 933
Fleirfamilie, einslege	27 313	22 415	25 020	24 879
Fleirfamilier utan barn	13 172	7 494	11 457	8 235
Fleirfamilier med barn 0-17 år	13 835	6 870	14 466	8 699
Alle hushald	2 064 093	2 097 498	2 094 430	2 112 289
Tal observasjonar	9 964	12 919	27 740	22 870

Kalibrering av vektene

Kalibrering er å justera vektene ved hjelp av tilleggsinformasjon om populasjonen slik at eit sett med valde tilleggsvariablar oppblåst gir same tal som i populasjonen. Forutan demografiske kjennemerke vart opplysningar om inntekt og formue kopla på alle personane utvalet frå Likningsregisteret og frå Sjølvmeldingsstatistikken.

Som for tidlegare årgangar vart det kalibrert mot aldersfordelinga i tolv aldersgrupper frå befolkningsstatistikken samstundes som det vart kalibrert mot tal på personar med beløp og sum av variablane (frå Skattelikninga):

- *netto formue stat som gir skatt*
- *personinntekt pensjon*
- *personinntekt lønn*
- *personinntekt primærnæring*
- *personinntekt liberal næring*
- *personinntekt anna næring*

For IF2002 tok me i tillegg inn fire nye kalibreringsvariablar (frå Sjølv meldinga):

- *sum brutto renteinntekt,*
- *sum aksjeutbytte*
- *sum realisasjonsvinst*
- *sum realisasjonstab*

Føremålet med å inkludera desse nye kalibreringsvariablane var å få nivået på kapitalinntektene for IF-utvalet til å stemma betre overeins med nivået i populasjonen.

Kalibreringa vart frå og med IF2001 gjort i to steg: Først vart levekårsutvala kalibrert mot alder og inntekt. Deretter vart den oppblåste hushaldsstrukturen frå dette utvalet brukt som nye kalibreringsvariablar og heile utvalet (inklusive AKU og hushald av næringsdrivande frå IFN) kalibrert på nytt. På denne måten sikra me at hushaldsstrukturen i IF samla sett ikkje blir påverka av tilleggsutvalet av næringsdrivande og av det spesielle AKU-utvalet. Tabell 3. syner den estimerte hushaldsfordelinga i IF 1999-2002.

Ekstremobservasjonar

Enkelte observasjonar kan ha så høge verdiar i inntekt og formue at dei ikkje er representative for andre enn seg sjølv og bør difor ikkje blåsast opp saman med resten av utvalet. For å unngå at slike ekstremobservasjonar skal gjera utslag i statistikken, blir det køyrt ei rekke ekstremkontrollar og eventuelle ekstremobservasjonar blir gitt vekt lik 1 og haldne utanfor vektinga.

I IF2000 vart 4 observasjonar med høge kapitalinntekter klassifiserte som ekstreme og gitt vekt lik 1.
I IF2001 var det 1 observasjon som skilte seg ut med ekstremt høg formue og gitt vekt lik 1.
I IF2002 fekk 1 observasjon med ekstremt høgt aksjeutbytte vekt lik 1.

Vekteresultat

Tabell 4, 5 og 6 syner kor store avvik det er mellom oppblåste tal for IF og ein del sentrale variablar frå Likningsregisteret og Sjølvmeldingsstatistikken for vektepopulasjonane 2000-2002. Dei utevra variablane er dei inntekts- og formuesstorleikane som det vart kalibrert mot.

Tabell 4. Vekteresultat IF2000. Millionar kroner.

	Fasittal. Liknings- registeret	Estimerte totaltal. Inverse trekke- sannsyn	Estimerte totaltal. Kalibrerte vekter	Prosent forbetring med kalibrering
		Prosent avvik	Prosent avvik	
Netto formue stat (som gir skatt)	790 412	851 841	7,77 %	790 412 0,00 % 100 %
Allmenn inntekt etter særfrådrag (som gir skatt)	619 170	652 610	5,40 %	619 788 0,10 % 98 %
Grunnlag for toppskatt	730 224	764 789	4,73 %	731 753 0,21 % 96 %
Personinntekt, pensjonar	133 798	141 255	5,57 %	133 798 0,00 % 100 %
Personinntekt, lønn	550 131	565 634	2,82 %	550 131 0,00 % 100 %
Personinntekt, primærnæringar	9 629	10 655	10,66 %	9 629 0,00 % 100 %
Personinntekt, liberale næringar	12 809	17 074	33,30 %	12 809 0,00 % 100 %
Personinntekt, andre næringar	25 444	30 206	18,72 %	25 444 0,00 % 100 %
Skatt på formue kommune	4 801	5 180	7,89 %	4 807 0,12 % 98 %
Skatt på inntekt kommune	93 167	98 265	5,47 %	92 704 -0,50 % 91 %
Skatt på formue stat	2 180	2 351	7,84 %	2 184 0,18 % 98 %
Fellesskatt	54 634	57 621	5,47 %	54 360 -0,50 % 91 %
Toppskatt	15 201	16 351	7,57 %	15 274 0,48 % 94 %
Forsinkelsesavgift	48	50	4,17 %	47 -2,08 % 50 %
Tilleggsskatt	488	641	31,35 %	559 14,55 % 54 %
Skatt på etterbetalt pensjon	96	155	61,46 %	148 54,17 % 12 %
Sum skatt	207 470	219 031	5,57 %	207 323 -0,07 % 99 %
Tr.avg. lønn (mellomsats)	42 578	43 773	2,81 %	42 587 0,02 % 99 %
Tr.avg. lønn fra delingsforetak	92	103	11,96 %	91 0,00 % 91 %
Tr.avg. pensjon (lav sats)	4 011	4 235	5,58 %	4 011 0,00 % 100 %
Tr.avg. primærnæring (mellomsats)	743	823	10,77 %	745 0,27 % 98 %
Tr.avg. lib. nærlinger U12G (høy sats)	1 020	1 245	22,06 %	1 074 5,29 % 76 %
Tr.avg. lib. nærlinger O12G (mellomsats)	248	420	69,35 %	213 -14,11 % 80 %
Tr.avg. and. nærlinger U12G (høy sats)	2 373	2 925	23,26 %	2 407 1,39 % 94 %
Tr.avg. and. nærlinger O12G (mellomsats)	69	105	52,17 %	102 47,83 % 8 %
Sum trygdeavgifter	51 134	53 629	4,88 %	51 230 0,19 % 96 %
Skattefradrag BSU	380	378	-0,53 %	372 -2,11 % -300 %
Nedsettelse 80% regelen	185	129	-30,27 %	119 -35,68 % -18 %
Skattefradrag for utenlandsskatt	128	100	-21,88 %	99 -22,66 % -4 %
Skattefradrag på etterbetalt pensjon	55	53	-3,64 %	51 -7,27 % -100 %
Finnmarksfradrag	563	514	-8,70 %	480 -14,74 % -69 %
Skattebegrensning §78	2 960	3 133	5,84 %	2 972 0,41 % 93 %
Godtgjørelsесfradrag, anvendt	8 109	8 948	10,35 %	7 994 -1,42 % 86 %
Forsørgerfradrag	1 987	2 039	2,62 %	1 982 -0,25 % 90 %
3.1.4 Aksjeutbytte	29 032	32 270	11,15 %	28 624 -1,41 % 87 %
Realisasjonsgevinstar	20 468	18 476	-9,73 %	17 280 -15,58 % -60 %

Tabell 5. Vekteresultat IF2001. Millionar kroner.

	Fasittal. Liknings- registeret	Estimerte totaltal. Inverse trekke- sannsyn	Estimerte totaltal.	Prosent forbetring med kalibrering
		Prosent avvik	Kalibrerte vekter	Prosent avvik
Netto formue stat (som gir skatt)	829 837	817 742	-1,46 %	829 837 0,00 % 100 %
Allmenn inntekt etter særfrådrag (som gir skatt)	616 014	634 678	3,03 %	613 137 -0,47 % 85 %
Grunnlag for toppskatt	772 394	800 841	3,68 %	773 467 0,14 % 96 %
Personinntekt, pensjonar	139 284	142 688	2,44 %	139 284 0,00 % 100 %
Personinntekt, lønn	583 461	603 700	3,47 %	583 461 0,00 % 100 %
Personinntekt, primærnæringar	9 891	9 945	0,55 %	9 891 0,00 % 100 %
Personinntekt, liberale næringar	14 538	16 615	14,29 %	14 538 0,00 % 100 %
Personinntekt, andre næringar	27 140	29 783	9,74 %	27 140 0,00 % 100 %
Skatt på formue kommune	5 062	4 942	-2,37 %	5 057 -0,10 % 96 %
Skatt på inntekt kommune	99 665	102 767	3,11 %	99 088 -0,58 % 81 %
Skatt på formue stat	2 302	2 206	-4,17 %	2 297 -0,22 % 95 %
Fellesskatt	46 440	47 886	3,11 %	46 172 -0,58 % 81 %
Toppskatt	16 910	17 818	5,37 %	16 564 -2,05 % 62 %
Forsinkelsesavgift	43	42	-2,33 %	42 -2,33 % 0 %
Tilleggsskatt	458	315	-31,22 %	310 -32,31 % -3 %
Skatt på etterbetalt pensjon	83	86	3,61 %	82 -1,20 % 67 %
Sum skatt	218 436	225 844	3,39 %	217 386 -0,48 % 86 %
Trygdeavg. pensjon (låg sats)	4 176	4 279	2,47 %	4 176 0,00 % 100 %
Trygdeavg. lønn (mellomsats)	45 147	46 689	3,42 %	45 137 -0,02 % 99 %
Trygdeavg. andre næringar U12G (høg sats)	2 520	2 719	7,90 %	2 571 2,02 % 74 %
Trygdeavg. andre næringar O12G (mellomsats)	68	106	55,88 %	86 26,47 % 53 %
Trygdeavg. lib. næringar U12G (høg sats)	1 165	1 314	12,79 %	1 159 -0,52 % 96 %
Trygdeavg. lib. næringar O12G (mellomsats)	276	330	19,57 %	282 2,17 % 89 %
Trygdeavg. primærnæring (mellomsats)	760	766	0,79 %	762 0,26 % 67 %
Sum trygdeavgifter	54 237	56 355	3,91 %	54 309 0,13 % 97 %
Finnmarksfrådrag	577	580	0,52 %	562 -2,60 % -400 %
Skattefrådrag BSU	383	398	3,92 %	387 1,04 % 73 %
Skattefrådrag på etterbetalt pensjon	47	63	34,04 %	66 40,43 % -19 %
Skatteavgrensing §78	2 805	2 823	0,64 %	2 826 0,75 % -17 %
Godtgjørelsesfradrag, anvendt	2 518	2 428	-3,57 %	2 398 -4,77 % -33 %
3.1.4 Aksjeutbytte	12 972	12 238	-5,66 %	12 426 -4,21 % 26 %
Realisasjonsgevinstar	10 208	8 545	-16,29 %	9 045 -11,39 % 30 %
Realisasjonstap	9 640	9 269	-3,85 %	9 344 -3,07 % 20 %

Tabell 6. Vekteresultat IF2002. Millionar kroner.

	Fasittal. Liknings- registeret	Estimerte totaltal. Inverse trekke- sannsyn	Estimerte totaltal.	Prosent forbetring med kalibrering
		Prosent avvik	Kalibrerte vekter	Prosent avvik
Netto formue stat	839 902	848 711	1,05 %	839 903 0,00 % 100 %
Allmenn inntekt etter særfrådrag	669 567	671 070	0,22 %	669 836 0,04 % 82 %
Grunnlag for topeskatt	817 603	827 594	1,22 %	818 594 0,12 % 90 %
Personinntekt, pensjonar	139 348	143 231	2,79 %	139 348 0,00 % 100 %
Personinntekt, lønn	626 430	634 952	1,36 %	626 430 0,00 % 100 %
Personinntekt, primærnæringar	10 175	10 261	0,85 %	10 175 0,00 % 100 %
Personinntekt, liberale næringar	15 013	15 446	2,88 %	15 013 0,00 % 100 %
Personinntekt, andre næringar	29 001	24 447	-15,70 %	29 001 0,00 % 100 %
Skatt på formue kommune	5 137	5 186	0,95 %	5 138 0,02 % 98 %
Skatt på inntekt kommune	81 609	81 758	0,18 %	81 670 0,07 % 59 %
Skatt på formue stat	2 344	2 356	0,51 %	2 340 -0,17 % 67 %
Fellesskatt	78 184	78 329	0,19 %	78 244 0,08 % 59 %
Topeskatt	16 060	16 747	4,28 %	16 059 -0,01 % 100 %
Forsinkelsesavgift	44	39	-11,36 %	46 4,55 % 60 %
Tilleggsskatt	495	485	-2,02 %	465 -6,06 % -200 %
Skatt på etterbetalt pensjon	84	67	-20,24 %	65 -22,62 % -12 %
Sum skatt	225 702	229 366	1,62 %	226 104 0,18 % 89 %
Tr.avg. lønn (mellomsats)	48 481	49 128	1,33 %	48 499 0,04 % 97 %
Tr.avg. lønn fra delingsforetak	136	160	17,65 %	128 -5,88 % 67 %
Tr.avg. pensjon (lav sats)	4 178	4 295	2,80 %	4 178 0,00 % 100 %
Tr.avg. primærnæring (mellomsats)	784	795	1,40 %	788 0,51 % 64 %
Tr.avg. lib. nærlinger U12G (høy sats)	1 241	1 246	0,40 %	1 212 -2,34 % -480 %
Tr.avg. lib. nærlinger O12G (mellomsats)	257	283	10,12 %	278 8,17 % 19 %
Tr.avg. and. nærlinger U12G (høy sats)	2 673	2 417	-9,58 %	2 817 5,39 % 44 %
Tr.avg. and. nærlinger O12G (mellomsats)	63	40	-36,51 %	59 -6,35 % 83 %
Sum trygdeavgifter	57 813	58 364	-9,58 %	57 959 0,25 % 74 %
Skattefradrag BSU	389	386	-0,77 %	390 0,26 % 67 %
Nedsettelse 80% regelen	197	195	-1,02 %	175 -11,17 % -1000 %
Skattefradrag for utenlandsskatt	273	231	-15,38 %	148 -45,79 % -198 %
Skattefradrag på etterbetalt pensjon	62	51	-17,74 %	51 -17,74 % 0 %
Finnmarksfradrag	585	544	-7,01 %	538 -8,03 % -15 %
Skattebegrensning §78	3 128	3 119	-0,29 %	3 130 0,06 % 78 %
Godtgjørelsесfradrag, anvendt	11 510	9 480	-17,64 %	11 488 -0,19 % 99 %
Brutto renteinntekt (SA)	25 612	26 930	5,15 %	25 612 0,00 % 100 %
Aksjeutbytte (SA)	42 404	34 805	-17,92 %	42 404 0,00 % 100 %
Realisasjonsgevinster (SA)	6 137	6 793	10,69 %	6 137 0,00 % 100 %
Realisasjonstab (SA)	11 996	10 120	-15,64 %	11 996 0,00 % 100 %

Inntekts- og formuesundersøkinga for personlege næringsdrivande (IFN)

Populasjon og stratifisering

Populasjonen til IFN er personlege næringsdrivande, definert som fysiske personar som driv næringsverksemd for eiga rekning og risiko. Populasjonen omfattar alle personar som i sjølvmeldingsstatistikken har næringsinntekt, underskot frå næring og/eller utrekna personinntekt frå næringsverksemd, eller sjukepengar for næringsdrivande. Også lottfiskarar og kommanditistar er med. Populasjonen er stratifisert etter kva type næringsverksemd den næringsdrivande får hovuddelen (meir enn 50%) av inntekta si frå. Stratum for lønn og pensjon omfattar næringsdrivande der næringsinntekta er mindre enn inntekta frå lønn/pensjon. For dei andre stratuma er kjennemerket hovudinntekt avleidd av næringeskoden for verksemda. Denne næringeskoden blir funnen ved å kopla dei næringsdrivande med opplysningar frå Einingsregisteret i Brønnøysund og Meirverdiavgiftsregisteret².

Det blir først etablert ein trekkepopulasjon hovudsakleg på bakgrunn av registeropplysningar frå året før. På vektetidspunktet er det tilgjengeleg oppdaterte registeropplysningar med årets tal frå sjølvmeldingsstatistikken, og desse blir brukte til etterstratifiseringa.

Kor mange personlege næringsdrivande som inngår i vektepopulasjonen kvart år er vist i tabell 7.

Tabell 7. IFN. Talet på personar i populasjonane 2000-2002

Hovudinntekt	2000	2001	2002
Primær	54 485	51 512	48 565
Handverk	17 684	17 709	17 961
Handel	18 526	18 475	18 416
Industri	6 403	6 231	6 148
Frie yrke ³	69 601	71 607	73 056
Lønn og pensjon	173 157	176 623	177 187
Totalt	339 856	342 157	341 333

Utvale og fråfall

Basisutvalet er dei personlege næringsdrivande som inngår i hushaldsundersøkinga IF. For å sikra god nok næringsvis fordeling vart det frå dei mest underrepresenterte næringane trekt tilleggsutval av næringsdrivande blant næringsdrivande som var i fjarårets utval eller fjarårets populasjon.

Framgangsmåten for trekking av utvalet går fram av utvalsplanen for IFN (sjå vedlegg). Tabell 8 viser nettoutvalet for IFN fordelt etter hovudinntekt.

² For IFN2002 vart ikkje meirverdiavgiftsregisteret brukt for å finna næringeskoden.

³ Frie yrke inkluderer også uoppgitt næring (IFN2000: 27 333, IFN2001: 23 093, IFN2002: 22 019).

Tabell 8. IFN. Talet på personar i datagrunnlaget (netto-utvala) 2001-2002.

Hovudinntekt	2000	2001	2002
Primær	572	544	605
Handverk	592	574	612
Handel	610	576	632
Industri	365	428	579
Frie yrke	1 635	1 574	1 676
Lønn og pensjon	1 345	1 347	1 370
Totalt	5 119	5 043	5 474

Vekter og kalibrering

I ekstremkontrollen vart det avdekka observasjonar med store avvik mellom postar med ein nær samanheng (t.d. mellom næringsinntekt og personinntekt) og observasjonar som hadde ekstremt høge beløp på postar sett i forhold til utvalet under eitt.

I 2000 vart 14 personlege næringsdrivande såleis klassifiserte som ekstremar og gitt vekt lik 1.

I 2001 hadde 13 ekstremobservasjonar med vekt lik 1 og i 2002 vart 11 observasjonar gitt vekt lik 1.

Utvalet vart etterstratifisert etter hovudinntekt, og det vart rekna ut vekter definert som forholdet mellom talet på personar i populasjonen og talet på personar i utvalet innanfor kvar av næringane. Alle personane i same næring får såleis lik vekt. Desse vektene vart deretter brukte som inngangsvekter i kalibreringa.

Kalibreringsvariablane var dei same som er brukte kvart år sidan IFN1997. Det vart kalibrert på tal personar og sum av følgjande variablar:

- netto formue stat som gir skatt
- personinntekt lønn
- personinntekt pensjon
- personinntekt primærnæring
- personinntekt anna næring
- personinntekt liberale yrke

I tillegg vart det også kalibrert på *tal personlege næringsdrivande innan kvar næring*, sidan det er grunn til å gå ut i frå at det er ein sterk samanheng mellom inntekta og den næringa den personlege næringsdrivande tilhører. Tidlegare (fram til IFN1999) vart det berre kalibrert slik at desse tala stemte for alle næringar samla. I IFN2000 vart det for første gong kalibrert mot nettoformuen i kvar stratum (hovudinntekt) for seg. Det same er gjort for IFN2001 og IFN2002.

Tabellane 9-11. viser oppblåste tal og fasittal frå register for nokre sentrale variablar frå skattelikninga.

Vekteresultat

Tabell 9. Vekteresultat IFN2000. Millionar kroner.

	Fasittal frå Likningsregisteret	Estimerte totaltal. Kalibrerte vekter	Prosent avvik
Netto formue kommune som gir skatt	185 235	185 289	0,03 %
Netto formue stat som gir skatt	184 960	184 960	0,00 %
Allmenn inntekt etter særfrådrag, som gir skatt	96 720	95 177	-1,60 %
Grunnlag for toppskatt	91 120	91 925	0,88 %
Sum pensjonar	7 279	7 279	0,00 %
Sum lønn	40 328	40 328	0,00 %
Sum personinntekt primærnæring	9 655	9 655	0,00 %
Sum personinntekt andre næringar	22 143	22 143	0,00 %
Sum personinntekt liberale yrke	12 207	12 207	0,00 %
Skatt på formue kommune	1 189	1 194	0,42 %
Skatt på inntekt kommune	15 408	15 143	-1,72 %
Skatt på formue stat	584	588	0,68 %
Fellesskatt	9 034	8 880	-1,70 %
Toppskatt	3 222	3 190	-0,99 %
Forsinkelsesavgift	23	22	-4,35 %
Tilleggsskatt	280	216	-22,86 %
Sum skatt	29 740	29 233	-1,70 %
Trygdeavgift pensjon (låg sats)	218	218	0,00 %
Trygdeavgift lønn (mellomsats)	3 118	3 125	0,22 %
Trygdeavgift lønn frå delingsforetak	19	14	-26,32 %
Trygdeavgift anna næring (høg sats)	2 218	2 312	4,24 %
Trygdeavgift anna næring over 12G	52	33	-36,54 %
Trygdeavgift jord, skog fiske (mellomsats)	745	745	0,00 %
Trygdeavgift liberale yrke (høg sats)	975	1 054	8,10 %
Trygdeavgift liberale yrke over 12G	234	178	-23,93 %
Sum trygdeavgifter	7 579	7 679	1,32 %
Forsørgjarfrådrag	264	278	5,30 %
Finnmarksfrådrag	92	92	0,00 %
Skattefrådrag BSU	24	19	-20,83 %
Nedsettelse 65%-regelen	42	16	-61,90 %
Skatteavgrensning etter §78	98	98	0,00 %
Godtgjørelsесfradrag (anvendt)	1 881	1 490	-20,79 %
Allmenn inntekt kommune som på SA	96 864	95 278	-1,64 %

Tabell 10. Vekteresultat IFN2001. Millionar kroner.

	Fasittal frå Likningsregisteret	Estimerte totaltal. Kalibrerte vekter	Prosent avvik
Netto formue kommune som gir skatt	200 218	200 144	-0,04 %
Netto formue stat som gir skatt	199 941	199 943	0,00 %
Allmenn inntekt etter særfrådrag, som gir skatt	92 934	92 361	-0,62 %
Grunnlag for toppskatt	96 873	97 665	0,82 %
Sum pensjonar	7 755	7 755	0,00 %
Sum lønn	43 072	43 072	0,00 %
Sum personinntekt primærnæring	9 933	9 933	0,00 %
Sum personinntekt andre næringar	23 504	23 504	0,00 %
Sum personinntekt liberale yrke	13 392	13 392	0,00 %
Skatt på formue kommune	1 293	1 298	0,39 %
Skatt på inntekt kommune	15 894	15 797	-0,61 %
Skatt på formue stat	640	644	0,63 %
Fellesskatt	7 403	7 361	-0,57 %
Tilleggsskatt	274	188	-31,39 %
Sum skatt	25 504	25 288	-0,85 %
Trygdeavgift pensjon (låg sats)	233	233	0,00 %
Trygdeavgift lønn (mellomsats)	3 328	3 335	0,21 %
Trygdeavgift lønn frå delingsforetak	22	11	-50,00 %
Trygdeavgift anna næring (høg sats)	2 339	2 431	3,93 %
Trygdeavgift anna næring over 12G	45	38	-15,56 %
Trygdeavgift jord, skog fiske (mellomsats)	763	767	0,52 %
Trygdeavgift liberale yrke (høg sats)	1 086	1 120	3,13 %
Trygdeavgift liberale yrke over 12G	245	219	-10,61 %
Sum trygdeavgifter	8 061	8 154	1,15 %
Finnmarksfrådrag	96	107	11,46 %
Skattefrådrag BSU	24	15	-37,50 %
Nedsettelse 65%-regelen	107	70	-34,58 %
Skatteavgrensning etter §78	107	111	3,74 %
Godtgjørelsesfradrag (anvendt)	558	392	-29,75 %
Allmenn inntekt kommune som på SA	93 106	92 490	-0,66 %

Tabell 11. Vekteresultat IFN2002. Millionar kroner.

	Fasittal frå Likningsregisteret	Estimerte totaltal. Kalibrerte vekter	Prosent avvik
Netto formue kommune som gir skatt	193 135	193 049	-0,04 %
Netto formue stat som gir skatt	192 917	192 917	0,00 %
Allmenn inntekt etter særfrådrag, som gir skatt	102 890	101 130	-1,71 %
Grunnlag for toppskatt	101 784	102 829	1,03 %
Sum pensjonar	7 429	7 429	0,00 %
Sum lønn	46 200	46 200	0,00 %
Sum personinntekt primærnæring	10 199	10 199	0,00 %
Sum personinntekt andre næringar	25 434	25 434	0,00 %
Sum personinntekt liberale yrke	13 857	13 857	0,00 %
Skatt på formue kommune	1 247	1 254	0,56 %
Skatt på inntekt kommune	13 272	13 023	-1,88 %
Skatt på formue stat	617	623	0,97 %
Fellesskatt	12 712	12 476	-1,86 %
Tilleggsskatt	304	185	-39,14 %
Sum skatt	28 152	27 561	-2,10 %
Trygdeavgift pensjon (låg sats)	223	223	0,00 %
Trygdeavgift lønn (mellomsats)	3 571	3 580	0,25 %
Trygdeavgift lønn frå delingsforetak	23	17	-26,09 %
Trygdeavgift anna næring (høg sats)	2 484	2 624	5,64 %
Trygdeavgift anna næring over 12G	45	26	-42,22 %
Trygdeavgift jord, skog fiske (mellomsats)	785	788	0,38 %
Trygdeavgift liberale yrke (høg sats)	1 153	1 195	3,64 %
Trygdeavgift liberale yrke over 12G	232	202	-12,93 %
Sum trygdeavgifter	8 516	8 655	1,63 %
Finnmarksfrådrag	93	81	-12,90 %
Skattefrådrag BSU	24	13	-45,83 %
Nedsettelse 65%-regelen	52	40	-23,08 %
Skatteavgrensning etter §78	115	109	-5,22 %
Godtgjørelsesfradrag (anvendt)	2 912	1 818	-37,57 %
Allmenn inntekt kommune som på SA	103 079	101 290	-1,74 %

Inntekts- og formuesundersøkinga for aksjeselskap (IFS)

Populasjon

Populasjonen til IFS var alle skattepliktige aksjeselskap eksklusive bestemte delpopulasjonar (kraftverk, reiarlag og finansielle foretak) som har eigne undersøkingar. Grunnlaget for å laga trekkepopulasjon var likningsregisteret for etterskotspliktige skattytarar (Etterskotsregisteret) året før og lister over nyetablerte foretak henta frå Einingsregisteret i Brønnøysund.

Stratifisering

Trekkepopulasjonen vart stratifisert med omsyn på næring, delingsforetak/ikkje-delingsforetak, storleiken på foretaka og om dei var børsnoterte eller ikkje. Som mål på storleiken vart sysselsetjing, aksjekapital, allmenn inntekt og driftsresultat brukt. I tillegg vart det laga eigne stratum for dei nyetablerte foretaka. Store foretak og børsnoterte selskap vart totaltalde, blant dei andre selskapa vart det henta inn eit utval. Populasjonen og inndelinga i næringsgrupper og stratum er nærmare omtala i utvalsplanen (sjå vedlegg).

Utval

